



# SAMNANGER KOMMUNE

Helsedepartementet,  
Postboks 8011,  
0030 Oslo

Helse- og omsorgsdepartementet	
Saksnr.: 200502859	Dok.nr.: 20
Arkivkode: 550	Journ.dato: 230905
Avd.: KTA	Saksbehl.: HL
U.off.:	

Saksnr/Løpenr.  
05/00260/002849

Arkivkode  
G40 &13

Dykkar ref.:

Avd/Sek/Saksb  
SEN/ASK/MH

Tysse, 20.09.2005

## MELDING OM POLITISK VEDTAK – TANNHELSEFELTET – HØYRING NOU NR. 11/2005.

Me melder med dette frå at Utval for oppvekst og omsorg den 06.09.2005 hadde føre følgjande sak: 0010/05. Det vart gjort slikt vedtak:

Samnanger kommune gjev følgjande høyringsuttale til NOU nr. 11 / 2005.:

*"Samnanger kommune ser det som positivt at det no vert gjort eit arbeid for å forbetra tilhøva for innbyggjarane når det gjeld tannhelsetenester.*

*Samnanger kommune føreset at den ordninga som det no vert lagt opp til ikkje er dårlegare enn dagens ordning. Me tenkjer då spesielt på eldre menneske som i dag har krav på frie tannhelsetenester dersom dei mottek heimesjukepleie på eit visst nivå eller er innlagt i institusjon. Desse gruppene må ikkje missa retten til frie tannhelsetenester.*

*Samnanger kommune ser det som svært verdifullt at me har distriktstannklinikken i vårt lokalsamfunn. Me vil ikkje at barn, kronisk sjuke og eldre skal måtta reisa ut or kommunen for å motta tannhelsetenester.*

*Samnanger kommune ser det også som viktig at det vert lagt ned ressursar og engasjement for å rekruttera og behalda tannlegar i kommunar utanom dei tettast befolka områda i Noreg"*

*Samnanger kommune ønskjer at tannhelsetenesta skal verta styrt av eit regionalt nivå.*

  
Magda Haugen  
konsulent

Vedlegg:

Kopi: Hordaland Fylkeskommune, Fylkestannlegen. Distriktstannklinikken i Samnanger kommune. Leiar pleie og omsorg, Grete Lill Hjartnes, Leiar eining helse Iselin Dyrseth, Leiar eining for sosiale saker Thore Austnes.

Adresse  
5650 TYSSE

Telefon  
56 58 66 00

Telefaks  
56 58 62 60

Postgiro  
0806 5788609

Bankgiro  
3562 07 00035